



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

MØTEBOK HARDANGER UNGDOMSRÅD

Tysdag 7.5.2019

Telefonmøte kl 1800-2000

Til stades:

Ulvik herad: Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Eidfjord kommune: Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelvi Tveit
Jondal kommune: Ungdomsrådsleiar Tiril Eiken

Ikkje tilstades

Granvin herad: Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen
Kvam herad: Ungdomsrådsleiar Lena Tufta
Odda kommune: Ungdomsrådsleiar Vincent Gabriel Kollbotn
Ullensvang herad: Ungdomsrådsleiar Elin Sneeggen

Andre:

Ulvik herd Knut-Erik Gissel
Hardangerrådet Trude Læg Reid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

HU-sak 22/19 Saker melde inn ved møtestart

Ingen saker melde ved møtestart

HU-sak 23/19 Oppfølgingsaker

- Utsetjing av Hardanger Ungdomsting 2019

Ingen diskusjon, berre konstanterar at Hardanger Ungdomsting vert utsett til 2020. Lærdom er at me ikkje må endra dato, men halda på opprinneleg dato.

- HU skal halda innlegg på Hardangerkonferansen 2019

Diskusjon om kva HU vil ta opp under sitt innlegg. God diskusjon. Rådet vil ha ein workshop til hausten med overnatting og kjeke aktivitetar. Fleire forslag, men ber rådsmedlemmane om å senda inn ønskjer for denne samlinga. **Dato for denne samlinga vert fredag 13. september til lørdag 14. september med avreise fredag ettermiddag.** Kom med idear til kva me skal gjera!

- "Letta på trykket" - temadag hausten 2019

Rådet drøfta programforslag frå Kvam ungdomsråd. Dei synest dette er bra. Kvam skal bestilla føredragshaldar, men må venta på svar på søknader om finansiering. Navn som har vore diskutert er:

Ingrid Bruun: <https://talerlisten.no/profil/ingrid-bruun/>
Emad Salha: <https://www.athenas.no/fix/foredragsholdere/emad-salha-foredragsholder/>
Mads Grimsæth: <https://www.nrk.no/norge/xl/eventyreren-som-bar-en-hemmelighet-1.14419408>

Viktig at skulane vert kontakta så snart som råd er, også dei der berre nokre få elevar frå Hardanger går. T.d Voss Gymnas.

HU-sak 24/19

Ingen saker

Gjennomgang saker melde ved møtestart

HU-sak 25/19

Sak utsett til neste møte.

**Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Referat v/Trude Lægreid Rinaldo